



Naturvernforbundet

Indre Sogn

Høyringsinnspel til konsesjonssøknad for Låvi kraftverk

Av Naturvernforbundet i Indre Sogn - Org. nr 929655370

Høyringa for konsesjon til Låvi kraftverk i Aurland kommune er eit godt døme på ein prosess med motstridande nasjonale interesser. Ein ønskjer å stanse nedbygging av matjord, ein prøvar å redde villreinen og villaksen, ein har forplikta seg til å kraftig kutte i utslepp av skadelege klimagassar.

Samstundes føreligg det tydelege statlege planretningslinjer for klima og energi som pålegg kommunane å leggje til rette for auka utbygging av fornybar energi. Vasskraft er framleis definert som grøn energi i EU sin taksonomi, men her kjem det truleg endringar i nær framtid.

Det har allereie kome svært gode innspel på både klima- og naturpåverknad til denne konsesjonshøyringa, og Naturvernforbundet i Indre Sogn prøvar difor å halde sitt innspel til nokre punkt vi ikkje har sett detaljerte gjennom andre innspel.

Naturvernforbundet i Indre Sogn ønskjer å kome med følgjande innspel til konsesjonshandsaming for Låvi kraftverk i Aurland kommune:

Klimapåverknad

Hafslund har utarbeidd sin eige fagrapport for å vise kva klimagassutslepp dei ventar frå den omsøkte kraftutbygginga. Vi viser til tal frå denne rapporten i vårt innspel. Utsleppa frå utbygginga er berekna til kring 123 200 tonn CO₂-ekvivalentar, noke som tilsvarar «svært stor negativ konsekvens» for klima.

Hafslund sine eigne utgreiingar i «Fagrapport klimagassutslipp» seier at ein anleggsperiode på 3 år vil auke kommunen sine direkte utslepp med 33% for kvart av desse åra. Vi ser det som lite truleg at anleggsperioden vil vere avgrensa til berre 3 år, med tanke på omfanget av tiltaket. Kommunen vil måtte ta desse utsleppa inn som del av sine eigne direkte utslepp, noke som betyr at deira vedtekne mål i samfunnsplanen for kutt i klimagassutslepp ikkje blir nådd.

Det bør vere eit krav at kommunar som blir vertsskap for kraftutbygging av nasjonal storleik får tilsvarande store kompensasjonssummar til tiltak som reduserer klimagassutslepp – som til dømes restaurering av karbonrike naturområde. Hafslund seier ein del i sin søknad om avbøtande interne tiltak som kan redusere dei direkte utsleppa frå bygg- og anleggsfasen, men har overraskande lite fokus på avbøtande eksterne tiltak som kan kompensere for desse utsleppa.

Hafslund sine føreslegne interne tiltak for reduksjon av klimagassutslepp er sjølv sagt også viktige. Avbøtande tiltak som bruk av alternative drivstoff til anleggsarbeid og massetransport, samt bruk av lavkarbon betong og resirkulert stål kan, i følgje same fagrapport, redusere dei samla utsleppa med inntil 20%. Dette må tiltakshavar forplikte seg til å gjennomføre i den grad det er mogleg. Her bør meirkostnaden ikkje i seg sjølv vere gyldig grunn til å velje bort løysingar med lågare utslepp. NVE bør setja som vilkår at tiltakshavar gjennomfører desse avbøtande tiltaka.

Om Låvi kraftverk vil ha ein positiv klimaeffekt i områda der krafta skal brukast, er vanskeleg å svare ja eller nei på, sjølv om fagrapporten frå Hafslund sleg fast at utbygginga vil ha ein «svært stor positiv konsekvens for klima». Om krafta erstattar eksisterande, essensiell energibruk med fossilt brensel er svaret kanskje ja. Men om krafta går til nytt forbruk, eller til auka overforbruk – då er klimaeffekten i beste fall tvilsom.

Ei utbygging som i så stor grad bidreg med utslepp frå anlegg og transport, og som i tillegg tek sikte på å lage enorme massedeponi på landbruksjord og i skogsområde, vil bidra til svært skadelege utslepp og samstundes øydeleggja store eksisterande karbonlager i jordsmonn. Dersom konsesjons blir gjeve, meiner Naturvernforbundet i Indre Sogn at ein må legge stor vekt på at tiltakshavar forpliktar seg til avbøtande tiltak, som i mykje større grad kunne vore meir framheva i konsesjonssøkingen. Til dømes kan ein krevje at avbøtande tiltak må redusere dei totale utsleppa med minst 50%.

Støy og luftkvalitet

Prosjektet planlegg for 20 km nye tunnelar, og av dette kjem det meir enn 2 millionar kubikk tunnelmassar som skal leggjast i deponi i Aurland kommune. Desse massane skal fraktast ut frå anleggstunnelane, og fordelast i dei naturområda som er avsett til deponi. Ein slik prosess vil medføre både støy, svært mykje tungtransport, og stor lokal påverknad på luftkvalitet.

Hafslund si eige utgreiing om støy, luftkvalitet og rystelser legg fram fleire gode tiltak for å redusere mengden støv og finpartiklar som spreiaast under massetransport, mellom anna tildekking av lass. Det vurderast også bruk av støvbindande midlar, men det er kjend at desse midlane i seg sjølv er skadelege for natur og miljø ved avrenning og anna spreiding. Difor meiner Naturvernforbundet i Indre Sogn at Hafslund må forplikta seg til å dekke til lass i alle tilfelle der massane kan avgi støv og andre partiklar, og til å ikkje bruke støvbindande midlar når tildekking heilt openbert er eit meir berekraftig alternativ.

Bruk av elektriske anleggsmaskinar til både uttak og transport — der dette er mogleg mtp tilgjengeleg teknologi — vil redusere støy betrakteleg for både menneske og dyreliv, og bør vere eit vilkår for konsesjon.

Påverknad på vassdrag

Aurlandselvi er eit viktig vassdrag for sjøaure og villaks, men tilstanden for fiskebestanden er kritisk. Etter den opphavlege kraftutbygginga på 1970-talet er sommarvassføringa redusert med inntil 50 %, og smelteflaumane er vekk.

Både NJFF, Aurland elveeigarlag og andre har skrive omfattande høyringsinnspel som detaljerer historikk og naudsynte tiltak. Naturvernforbundet i Indre Sogn slutter seg til desse innspela. Tiltakshavar bør påleggast å investere i tiltak som kompenserar for tidlegare skade på fiskebestanden, og som tilrettelegg for ei reetablering av ein sterk villfiskstamme i Aurlandselvi. Her visar vi, som andre, til NORCE sin rapport om konsekvensar for fisk og botndyr i Aurlandselvi – det skisserast eit driftsscenario S1 og eit driftsscenario SX. Scenario S1 har ei drift på sommaren der Låvi kraftverk har *moderat* prioritering, scenario SX har ei drift der Låvi kraftverk har *høg* prioritering. Det er gjennomgåande i rapporten at S1 vil vere av noke negativ konsekvens for fisk og botndyr, medan SX vil ha middels til stor negativ konsekvens.

Naturvernforbundet i Indre Sogn tek det som sjølv sagt at NVE vil leggja til grunn S1 som einaste akseptable driftsscenario, slik at den negative påverknaden på ein nær utryddingstruga ansvarsart reduserast til det absolutte minimum. Ein bør også stille til disposisjon for elveeigarlag, kommune og/eller andre aktørar eit betydeleg elvefond, med midlar til større elverestaureringsprosjekt som avbøtande tiltak for skade frå tidlegare utbygging, samt kompensasjon for påverknaden frå nye Låvi kraftverk.

Ein er også kritisk til om påverknaden av avrenning frå deponimassar er godt nok utgreidd. Aurland kommune har drikkevasskjelde på Låvi, svært nær føreslegne deponi av meir enn 1 million kubikk dels forureina massar. Korleis sikrar Hafslund at avrenning frå desse massane ikkje kjem i kontakt med drikkevassforsyninga? Og korleis sikrar ein at det ikkje blir avrenning til elveløpet like ved? I klimaendringanes tid veit vi at avrenning er ein av faktorane som aukar mykje i eit varmare og meir ustabilt klima. Har Hafslund teke omsyn til dette i sine utgreiingar?

Påverknad på villreinområde

Magasinutbygging og etablering av anleggsveger i fjellområda har også påverka villreinen negativt, mellom anna ved å blokkere viktige trekkruiter i området ved Nyhelleren.

Naturvernforbundet i Indre Sogn viser som andre til ei rekke høyringssvar frå NVE sin vilkårsrevisjon for Aurlandsvassdraget, der det allereie har blitt stilt krav til at Hafslund finansierer tiltak som betrar vilkåra for villrein. NJFF og andre har kome med detaljerte innspel som vi støtter.

Truga artar som har sitt habitat knytt til fjellområda må ikkje bli skadelidande om Hafslund no får konsesjon til å utvide sin kraftproduksjon. Villreinen var sjølv livsgrunnlaget i etableringa av ein sivilisasjon i Aurland og i Noreg. Som villaksen er det ein nært utryddingstruga ansvarsart, som Noreg har ei internasjonal forplikting til å verne om.

Konklusjon

Vasskraftutbygging er den faktoren som i størst grad har endra og påverka fjellområda og vassdraga i Aurland kommune dei siste 50 åra. Motstand frå naturvernørsla hindra enno større og uopprettelege inngrep under utbygginga på 1970-talet. I dag er det statlege, regionale og lokale krefter på alle nivå som sit på stor kunnskap om tilstanden for natur og miljø, og som kjem med tydelege vilkår, godt forankra i både lovverk og politiske planar på alle nivå. Det er ikkje lenger radikalt å krevja at natur og klima er ein hovudprioritet i alle nye utbyggingsprosjekt — det er sunn fornuft.

I Aurland er villreinen og villaksen, kanskje meir enn noko anna, den natur- og kulturarven som held mennesket i kontakt med ei verd lenge før vår eiga tid. Kraftutbygging i eit land som ropar på meir straum, men samstundes gir vekk ein stor prosentandel av kraftproduksjonen til utenlandske spekulantar i datasenter og batterifabrikkar – den utbygginga kan ein og må ein setja svært strenge krav til. Uerstatteleg norsk natur bør ikkje ofrast for å produsere stadig meir billig kraft. Må naturen atter vike — ja, då må ein leggja strenge vilkår som reduserer påverknaden til det absolutte minimum. Og ein må i mykje større grad stille krav til fullfinansiert restaurering av karbonrike område i slike prosjekt, fortrinnsvis i vertskommunen.

Naturvernforbundet i Indre Sogn støtter opp om gode innspel frå mellom anna NJFF, Aurland elveeigarlag og Statsforvaltaren i Vestland.

Vi forventar at konsesjonshandsaminga tek ei heilskapleg vurdering av det samla presset på naturtypene, landskapa og dyrelivet som rammast av dette utbyggingsforslaget — regional og nasjonal tilstand for særleg villrein og villfisk må vektast tungt i handsaminga.